

Nasjonal forkurssamling okt. 2022

Referat frå faggruppa i engelsk

Tilstades: Solveig (UiT), Guri (NTNU), Helene (UiT), Jan Anders (USN, Kongsberg), Helene (NTNU), Caroline (NTNU, Ålesund), Anders (NTNU, Ålesund), Gunvor Sofia (UiA)

1. Eksamen:

VEDTAK: Eksamen blir ein 4- timerseksamen frå og med neste skuleår (23/24). Emneplanane må endrast på kvar institusjon innan dei respektive tidsfristane.

Innhald og form på eksamenssett blir diskutert. Aktuelle element i eksamensoppgåve kan vere vedlegg med ein kort tekst (gjerne ingeniørfagleg eller språk og kultur), formelt brev, samandrag, resonnerande tekst i femavsnittsstruktur. Hovudfokus på evaluering bør vere språkføring, stil og tekstbygging. Oppgåvesettet bør vere enkelt utforma. Gjerne med to korte oppgåver eller ei litt større. Gruppa diskuterer om det bør vere valfrihet på eksamenssettet, men konkluderer ikkje. Faggruppa tenker på forslag til eksamenssett utover hausten og deler på Teams. Enigheit om å lage prøveeksamen innan februar.

2. Hjelpemiddel til eksamen:

Retteprogram i Word ol

Digitale og fysiske ordbøker (engelsk-engelsk, samt tospråklege)

Ikkje full tilgang til internett

3. Ny lærebok i engelsk:

Vi evaluerer den nye læreboka saman med Anders. Det blir gjeve forslag om nokre endringar i struktur, samt nytt innhald om kultur og kommunikasjon.